

## Referat. Styremøte i Vestnes sogelag. Mai 2022.

Tid: 23.05.22, kl. 19.00 – 20.30

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Liv Signy G. Hellen, Jørn Inge Frostad, Morten Øveraas, Tordis Sivertsen, Tore Tomren.  
Gjest, sak 1: Per Bjørn Ellingseter

### Saksliste:

#### 1. Sogelaget og Brovoldsbøker.

Per Bjørn Ellingseter frå skriftstyret deltok. Han argumenterte for at sogelaget bør inngå ein avtale med kommunen om følgjande: sogelaget kostar nytt optrykk av boka *Småfortællinger og sagn*. Til gjengjeld kan sogelaget overta det store restopplaget av "Brovoldboka" vederlagsfritt og får behalde overskotet frå sal av boka. Kommunen har lagra ein betydeleg mengde eksemplar av boka.

*Småfortællinger og sagn*, som opphavleg kom ut i 1904, er ei samling interessante historier - alle med motiv frå bygdene i Vestnes. Ellingseter meiner at eit nytt optrykk bør vere med stive permar, og trykkast i eit opplag på om lag 600-700 eksemplar.

Styret stiller seg positiv til innspela frå Ellingseter. Forfattarskapen til Brovold har i seg sjølv ein viktig lokalhistorisk verdi, men salet av bøkene vil potensielt også gje ei grei inntekt for sogelaget. Dette forutset god promotering og marknadsføring. Kanskje bør eit nytt optrykk kombinerast med Brovoldboka i ei pakke for ein meir gunstig pris.

Morten skal sjekke ut pris med EKH-trykk i Molde - både når det gjeld hefta utgåve og stive permar. Kan hende bør sogelaget også finansiere eit optrykk av heftet *Minner frå krigen*, som opphavleg kom ut i 1995. Morten skal få eit prisoverslag med same trykkeri.

Elles er Per Bjørn optimistisk når det gjeld arbeidet med årsskriftet, trass Martinus Løviks sjukdomsrelaterte fråvær. Boka er i rute, og han har tru på at det blir ei god bok med innhald som er variert med tanke på både tema og geografisk spreining – sjølv om det gjerne kunne vore noko meir stoff frå Fiksdal / Rekdal. Per Bjørn ville også presisere at frist for å levere inn artiklar er 20. juni.

#### 2. Sogelagstur.

Den planlagde turen til Vågstranda – der leiaren i det lokale sogelaget skal vere guide – blir utsett til september. Tore tek kontakt med Arvid Moe når det gjeld dato, program, og praktiske spørsmål knytt til arrangementet. Tordis skal høyre med busselskap angående pris for leie. Morten skal høyre med sentrale folk i «Søblomst»-prosjektet om dei kan stå for ein guida tur for sogelaget den 12. juni.

### **3. Bygdeboksaka.**

Etter ein del fram og tilbake har framdrifta stoppa opp. Morten reknar saka som "fastlåst" enn så lenge – men han vil vurdere ein ny offensiv til hausten.

### **4. Sponsorarbeidet.**

Tordis har organisert og fordelt arbeidet, og styret sender inn sine respektive "ringelister". Innan 30. juni skal kvart styremedlem ringe til 10 sponsorar.

### **5. Utstilling på biblioteket.**

Morten har foreslått møte med biblioteket om ei Brovold-utstilling, samt moglegvis ei rullerande utstilling med ymse lokale tema, i juni. Per Bjørn skal også delta.

### **6. Eventuelt.**

Sogelagsleiar har takka ja til å vere med å arrangere ei samling for frimerke- og postkortklubbar i fylket. Sogelaget skal informere og sel bøker (årsskrift, og liknande) frå ein stand.